

Livsmål og livssyn

Me råkar so mange slags menneske på vår livsveg, ulike naturar og lynde, innstillingar til og oppfatningar av føremålet med det liv me er skapte til. Me har sjølve inga skuld i at me er fødde til verda, men det er sagt at me er fødde med synd. Det er eit åndeleg skuldbrev me har overteke frå fedrene våre. Nett dette med synda er det ungdomen har so vanskeleg for å skyne, og som ligg som eit dunkelt omgrep for dei fleste.

Ungdomen til vanleg tenkjer meir på dei positive ting i livet, dei gode makter som skal føra framover. Dei eig endå heilhug og brå vilje, mod og kraft til å utføra noko, om det ikkje nett gjev so mange skillingar i pungen. Dei har endå tru på livet, deira elsk er utan baktankar, kort sagt: Det er so urimeleg at alt dette som høyrer med til deira inste hug og trong, dans, leik og skuldlaus moro av anna slag, ikkje skal kunne sameinast med eit ærleg kristenliv.

Det som ungdomen først og fremst leitar etter, er sanninga og ærlegdomen, difor vert han so ofte vonbroten og modlaus når han møter motburd og motvilje nett når han meiner å fremje det beste i seg sjølv, og det som han held for rett og sanning. Her er i vårt samfund so mange ulike syn og meiningar, både på det kristelege, sosiale og politiske omkverve, at det er so vanskeleg for ein urøynd og varhuga ungdom å ta seg fram. Når det gjeld sosiale og politiske omkverve og tiltak, er det rimeleg at det må verte mange ulike meiningar, då folk i ulike yrke, uvilkårleg må få ulike interesser.

Onnoleis når det gjeld kristendomen. At det skal kunne finnast so mange brytingar, ja tilmed hat mellom dei ymse organisasjonar som arbeider for Guds rike på jorda; at det i det heile teke skal vere bruk for meir enn ein organisasjon for folk som trur på den einaste sanne, rettferdige Gud, er ufatteleg for den unge. Reint ytre, symbolske ting som dåp og nattverd, som for so vidt ikkje skulde spela so stor rolle i det praktiske kristenliv, har delt opp vårt vesle norske samfund i eit utal av sekter som fører den bitraste kamp

mot kvarandre. Dei kan gro opp som paddehattar berre i ei vanleg bygd. Kvar sekt har sitt eige hus, sitt eige styre med avgjerande mynde innan laget; det finst sogar døme på at dei har sin visse handelsmann på "strøket", som dei handlar hjå. Dei lyser ofte til møte på same tid, og stakkars den som viser seg i huset til ei anna sekt.

Samstundes stend kyrkjene tomme. Unge, velmeinande prestar som skal ta opp det ålmennekjere arbeid i ei slik bygd, dei som meiner å ha eit kall og kjærleikens evangelium å bera fram til sitt folk, stend snart vonbroten og nedslenge midt i dette kaos av stridslystne, ofte evnefatige sektstyrannar som anten må vere høgste hanen i korga, eller so skilje seg frå og skape noko nytt.

Å, om vårt norske kristenfolk, og alt kristenfolk i verda, kunde samle seg i ei sterk ålmenning, der kyrkja var samlingsstaden, ho som rømer alle og toler alle. Då trur eg der var vilkår for samarbeid og toleranse, og ei sterk makt som kunde eina folka i brorskap og semje. Skal tru om alle religiøse predikantar som strøymer utover landet utan noko slags autorisasjon, er skikka til å fremje Guds rike på jorda? Kven har dei å stå til ansvars for, for alle sine umenneskelege metodar for å fremja den eine saka: Dersom du ikkje trur som eg, min gode mann, so er der inga von for deg til å erva det ævelege liv! Kven har gjeve dei makt til å avgjera kven som skal møtast i det himmelske rike?

Nei, godtfolk, lat oss tola kvarandre og tola å høyra kvarandre, om me eig ulike meiningar. Lat oss ikkje døma kvarandre her på jorda, me som er på lag like gode og like vonde alle saman. Det er nok ei høgare makt som skal fella domen når den tida kjem.

Lat oss difor binda broderband alle me i denne vesle krinsen, so me alle kan ha glede og gagn av det. Men då må me ogso leggja av usakleg dom og sladder om grannar og kjenningar, og i staden hjelpe kvarandre meir, utan å rekna alt ut i timeløn og dagsverk. Det er vegen fram mot målet.

Tekst: Johan Bernt Ulla